

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 05.12.2016  
Vår ref.: 2016/8534-110  
Saksbehandlar: gernaps  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Melding om vedtak - tildeling av ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde

Vedlagt følger fylkesdirektøren sitt vedtak dagsett 05.12.2016 om tildeling av drosjeløyve i Bergen køyreområde.

Me gjer merksam på at fylgjande punkt må vera oppfylte innan løyvedokumentet kan leverast ut :

- 1. Kopi av underteikna formidlingsavtale med ein av sentralane i Bergen køyreområde**
- 2. Bankgaranti i Original stor NOK 85.000,-**
- 3. Organisasjonsnummer**

Det vert kravd eit gebyr på kr 3.400,- i samband med utferdig av løyvedokumentet. Faktura vert sendt ut når bankgaranti i original, formidlingsavtale og organisasjonsnummer er på plass. Kvittering for betalt løyvegebyr må visast fram før løyvedokumentet vert utlevert.

Kvittering sendast på E-post [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no).

Løyveharar som er tildelt drosjeløyve ved tildeling 05.12.2016 skal gje melding til samferdselsavdelinga innan **20.12.2016** om han vil ta imot det tildelte løyve.

**Løyvemynde gjer merksam på at det er køyre- og driveplikt på eit drosjeløyve. Etter yrkestransportforskrifta § 45 skal den som innehar eit drosjeløyve drive dette som hovuderverv.**

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

